
Fra: Jon Askeland
Sendt: 12. februar 2015 15:12
Til: 'Olsen, Torstein'
Emne: SV: FANT ET PAR FEIL Brev frå Telenor og breibandsmidlar.

Tusen takk for oppklarande, godt svar,- me er nok ganske på linje i saka!

Med helsing
Jon Askeland
Ordførar
Radøy kommune
Tlf 47 45 97 20
Tlf 56 34 90 10
WWW.radoy.kommune.no



Fra: Olsen, Torstein [<mailto:torstein.olsen@Nkom.no>]
Sendt: 12. februar 2015 15:08
Til: Jon Askeland
Kopi: Aarsæther, Elisabeth Sørbøe
Emne: VS: FANT ET PAR FEIL Brev frå Telenor og breibandsmidlar.

Hei Jon Askeland

Først av alt vil eg takke for at du tek kontakt med meg, slik at vi kan få ein direkte dialog om ei så viktig sak som breiband, og særleg når det kan ligge mistydingar av kvarandre i botnen.

Eg vil med det same avkrefta at eg meiner at dei problema Telenor skriv om i brevet til Samferdselsdepartementet, gjeld alle kommunar. Men diverre, det gjeld ein hel del. Og som leiar i den ansvarlege styresmakta som skal syte for at statlege midlar vert fordele rettferdig, var det naudsynt for meg å seie tydeleg ifrå. Då er det alltid fare for at nokre av lesarane vert provoserte fordi dei ikkje kjenner seg att i historia, og eg skjønar at du opplevde det slik.

Eg tenkjer at det er viktig å vere klar i saker som er særskilt viktige for mange. Faren er sjølv sagt at ein vert mistyda. For å gjere heilt klart kva ei meiner, so er det at det er ei rekje – alfor mange – kommunar som set kjeppar i hjula for den viktige bygginga av både faste breibandslinjer og ikkje minst mobilnett. Når selskapet no skal rulle ut enda meir fiber og 4G, som både saman og kvar for seg er så viktige både for tryggleik, utviklinga av næringslivet og eit moderne liv for innbyggjarane, er det for gale at dei på ei rekje stader vert møtt av heilt ulike regime. Det er som du veit særskilt kostbart både å grave og å sette opp basestasjonar, og det siste ein treng i tillegg er regelverk som skiftar når ein kjem til ei ny kommunegrense.

Dei fleste selskapa som investerer i netta, er private, og dei må vurdere kostnader og inntekter før dei vel kvar dei skal byggje. Då er det viktig at vi som statlege og kommunale styresmakter legg til rette, slik at dei ikkje finn investeringa for vanskeleg. Resultatet må ikkje verte dårlegare breiband- og mobilnett enn ein kunne hatt.

Så vil eg understreke at korkje di eller andre kommunar vert vurderte ut ifrå kva Telenor meinar i brevet til departementet. Vi har ei rekke andre selskap som byggjer både mobilnett og breibandsnett, og det viktige er at alle vert møtt med dei same – og forutsigbare – krava. Når vi handsamer søkerne, er det eit krav om «mest mogleg for pengane», slik det må vere når ein får tildelt statlege midlar. Denne handsaminga er heilt uavhengig av både Telenor og dei andre selskapa, og eg kan love at Radøy ikkje er komen på nokon negativ-liste sjølv om Telenor har nevnt kommunen i eit brev.

Det er bra å høre at dei som byggjer ut i Radøy vert møtt med serviceinnstilling og fornuftige graverløye. Målet må vere at krava er relativt like i relativt like kommunar, og eg håper de kan dele erfaringa fra Radøy med kommunar som ikkje er komne like langt.

Igjen, takk for skjerm brevet ditt.

Beste helsing

Torstein Olsen
direktør
Nasjonal kommunikasjonsmyndighet

Fra: Jon Askeland [<mailto:jon.askeland@radoy.kommune.no>]

Sendt: 12. februar 2015 13:28

Til: Olsen, Torstein

Emne: Brev frå Telenor og breibandsmidlar.

Hei!

Eg kontaktar deg på grunnlag av uttalen din til kommunal Rapport etter brevet Telenor sende til Samferdselsministeren desember 2014.

I brevet Telenor sende, så var ei rekke kommunar i Hordaland lista opp og omtalt som vanskelege kommunar,- dette ordvalet er i seg sjølv uventa frå ein aktør som Telenor. For kommunane i Hordaland var det særleg arbeidet med ei felles kommunal vegg norm med tillegg for norm for gravedjupne og trenching som var tema.

Min kommune var ein av dei som var nemnt i brevet, som «vanskeleg».

Men, Telenor hadde ikkje sjekka fakta,- Radøy kommune deltok ikkje i arbeidet med gravenormal, og er såleis ikkje ein vanskeleg kommune for Telenor i dette. Du uttalte til Kommunal Rapport at årets breibandsmidlar kan verta fordelt ut frå krav til gravedjupne. På kva grunnlag vert dette i så fall vurdert? Eg går ut frå at det ikkje er Telenor sitt brev som ligg til grunn, for det inneheld faktafeil. Eg har tatt dette opp med Telenor, som har beklaga det overfor meg, men eg kjenner ikkje til at dette er korrigert over for Nkom og Samferdselsdepartementet.

I Radøy kommune har ein annan aktør bygd ut fiber i nokre område,- denne aktøren berømmer kommunen for god serviceinnstilling, god dialog og at det var lett å få innvilga fornuftige graveløyve hjå oss!

Du forstår sikkert at eg er noko kritisk i tilnærminga, og eg har kontakta KS i denne saka. Eg kjenner til at KS, Telenor og også Kommunaldepartementet no kjem saman i møte om saka. Dette set eg stor pris på! Eg er den første til å støtta Telekomsektoren i at kommunane må utarbeida felles normer for graving, trenching m.m. for å ivareta ei sikker og optimal avvegning av interessene, og at kommunesektoren strømlinjeformar seg i saka. Men, då bør partane også vera samde i kva som t.d er korrekt gravedjupne,- er 40 eller 60 cm det optimale? Dette må aktørane finna semje om på fagleg grunnlag.

Men, eg synest saka kom veldig skeivt ut, og at kommunesektoren dels feilaktig vart sett i eit dårleg lys. Eg har kjempa for mobildekning på kvite flekkar i fem år, og kan fortelja ei historie der eg meiner både Teleoperatørane og statlege styresmakter burde funne saman i å sikra både innbyggjarane sine interesser og beredskapsomsyn på ein betre måte. Dette har vore ein lang og strabasiøs kamp, der eg ikkje er imponert over løysingsviljen som er utvist overfor kommunane. Me set snarare att med eit inntrykk av at aktørane ønskjer å pressa kommunane til å ta den kostnadstunge infrastrukturen, og så haustar teleaktørane inntektene.

For meg er det også uforståeleg – også beredskapsmessig, at Staten sine konsesjonskrav for mobildekning er sett til 98% dekning for dei fastbuande. Hadde kravet vore 100%, så hadde dette løyst seg. Det er kjent at det småkuperte kystlandskapet som er mest krevjande å byggja ut. Dette medfører at det store området i dei folkerike områda i Hordaland som manglar mobildekning. Dette er først og fremst eit problem for fastbuande, men det fører også til dekningsutfall langs vegane med alle problema det medfører.

Eg er glad for breibandsmidlane, dei sikrar innbyggjarane tilgang på infrastruktur, som er sett på som sjølvsagt i dagens Norge. Eg ber om at det på sentralt hald vert halden ein løysingsorientert dialog for å sikra at midlane kjem til nytte for innbyggjarane, og utan at tankar som straff av kommunar vert nytta. Å straffa kommunane, er å straffa innbyggjarane. Dei ulike forvaltningsnivåa får ordna opp i «formalitetane » på annan måte!

Avtakande spørsmål: Eg ser fram til at KS, telekombransjen og gjerne også Nkom, KMD m.fl set seg saman og finn ei god løysing på utfordringane med gravedjupne, trenching m.m.. Radøy kommune jobbar for fiberdekning, og kjem til å søkja på breibandsmidlane som straks vert lyst ut,- eg håpar me har sikkerheit for å ikkje bli desavuert på grunnlag av Telenor sitt brev til Samferdsleministeren?

Med helsing
Jon Askeland
Ordførar
Radøy kommune
Tlf 47 45 97 20
Tlf 56 34 90 10
WWW.radoy.kommune.no

